



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND

19 86

Namnet på vatnet Selebøvatnet

Kommune ..... Solendal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg i samarbeid med fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernabdelingen.

## S E L E B Ø V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 18. september 1986.

Vatnet ligg i Sokndal kommune, på nordsida av R-40 mellom Åvendal og Urddal, og aust for gardsbruket på Selebø.

Arealet er omlag 7-8 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er store grunnlendte partier på sørsida, og noko djupare i den nord-austre delen. Stranda består av stein og fjell, kor grunnfjellet mange stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er noko sparsam, men på sine stader vil ein finna botngras, brasmegras, siv- og algevegetasjon. Nedslagsfeltet femner om gardsbruket Selebø i vest og bortsett frå dette er det mykje snaufjell med innslag av lauvskog.

Hovudtilsaget fell inn i nord og kjem frå ei lita tjørn. Avlaupet renn ut i den sør-austre delen og går til Saurdalsvatnet.

Normalt er gjennomstrøyminga liten.

Dei kjemiske tilhøva.

Det vart ikkje teke teke vassprøver for nærare analyse, men ei pH-måling ute på vatnet synte 6.4. Dette er på det næraste ideelt for aure.

Fisk m.v.

Det vart sett ut 4 garn av ymse maskestorleik (22-24-26-32 omf.) utan at det, etter 1 fangstnatt, vart fanga ein einaste fisk.

Dette stemmer med det folk på garden Selebø kunne fortelja at vatnet hadde vore fisketomt i mange år.

### Konklusjon.

P.g.a. sur nedbør og skrint nedslagsfelt har det gått med fisken i Selebøvatnet, som det har gjort med fisken i så mange vatn i Sør-Vestnorge - fiskebestandet har forsvunne.

Nedslagsfeltet spelar som kjent ei sentral rolle når det gjeld fiskeproduksjon og næringsforråd i eit vatn. Det er frå nedslagsfeltet at tilsiga kjem og avrenninga herfrå vil setja sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt. Er det gjødsla, kultivert mark, eller rikt jordsmonn med frodig vegetasjon, vil dette kunna nøytralisere nedbøren og gi levelege vilkår for fisken. Vatnet vil i slike høve få ei viss "bufferemne" som stabiliserar pH.

At fisken blir borte i eit vatn, merkar ein ofte best ved at småfisken forsvinn. Rogn og yngel vil ikkje tåla det sure vatnet, medan den større fisken tåler noko meir. P.g.a. sviktande rekruttering, vil gjerne næringstilhøva bli gode for dei større fiskane, noko som fører til at siste generasjon ofte er stor fin fisk.

Nedslagsfeltet for Selebøvatnet er skrint, med mykje snaufjell og lite jordsmonn. Gardsbruket Selebø, som har dyrka jordbruksareal like til vatnet i vest, vil dra i positiv lei. Likevel er ikkje dette nok, då hovudtilsaget m.v. fører eit for surt vatn.

Gytetilhøva er ikkje av dei beste for fisken i Selebøvatnet, men om vasskvaliteten var god, ville ein normalt kunna få ei brukbar rekruttering.

### Praktiske tiltak.

Selebøvatnet vart kalka i 1985 og dette er då grunnen til den gode pH-verdien vi fekk. Ytterlegare kalking vil bli foreteke i 1986.

Det er vidare meininga å setja ut setjefisk, og då vatnet har vore fisketomt i mange år, vil utsetjingstalet kunna vera noko høgare ved førstegongs-utsetjinga enn i åra framover. Eit høvande utsetjingstal første året skulle vera omlag 500 setjefisk og t.d. 400 stk. i dei næraste åra deretter. Kondisjonsfaktoren, og fiskekvaliteten i det heile, vil gi svar på om fiskebestandet står i eit rimeleg høve til det næringsforrådet som er tilgjengeleg for fisken.

Det vil sjølvsagt spela inn kor mykje fisk som blir oppfiska gjennom året og event. gyting som fylgje av kalkinga.

Alt fiske må førebels bli med stang og mot løysing av fiskekort. Innkomen av kortsalet må nyttast til ytterlegare kalking og kultiveringstiltak.

Etter nokre år kan det koma på tale med eit avgrensa garnfiske med stormaska garn (omf.14-18) for å nyttiggjera seg den større fisken. Det er viktig, at det blir ført kontroll med alle aktivitetar vedk. fisket m.v.

Selebøvatnet er lite og oversikteleg, og fiskebestandet lett å halda under kontroll. Vatnet høver godt for stangfiske, så mange vil sikkert nytta høvet å prøve fiskelukka nettopp i dette vatnet.

Stavanger 28. april 1987

Einar Berg